



## Vindafjord kommune

Kommunedelplan for kulturminne og miljø 2018 –2030

Vedtatt 24.08.2018

## **DEL 1 - TEMADEL OG VIKTIG HISTORIE.**

1.1 Føreord	side 3
1.2 Bakgrunn for planarbeidet	side 4
1.3 Plantype og avgrensingar	side 4
1.4 Definisjonar	side 5
1.5 Planperiode	side 6
1.6 Visjon og mål	side 6
1.7 Prioritering av kulturminne og kulturmiljø	side 7
1.8 Satsingsområde og tiltak	side 8

## **DEL 2 - HANDLINGSPROGRAM**

2.1 Handlingsprogram	side 20
----------------------	---------

## **DEL 3 – RETNINGSLINJER OG SAKSHANDSAMING**

3.1 Retningslinjer	side 21
--------------------	---------

## **DEL 4 – OVERSIKT OVER KULTURMINNA**

4.1 Prioriterte kulturminne og kulturmiljø	side 24
4.2 Omtale prioriterte kulturminne og kulturmiljø	side 26
4.3 Oversikt over SEFRAK—A objekt	side 43
4.3 Andre kulturminne og kulturmiljø	side 51

## **DEL 5 – KJELDER**

side 61

## **DEL 6— KART**

side 62

### *Framsidebilder:*

*Øvst t.v. Amtsmerke mellom Skjold og Vikebygd som står like sør for nedkøyringa til Trovåg.*

*- Torvløer på Helgeland i Sandeid, som du finn på venstre side av vegen noko hundre meter før du kjem til Fjellstøl Ski og Filuftsanlegg.*

*Nedst t.v.-Gamla-tunet i Vikebygd. Som du finn ovanfor vegen der du svingar ned til Vikebygd kyrkje.*

*- Naustmiljø i Utbjoavågen.*



# Del 1. Temadel og viktig historie.



Imslandssjøen er eit godt bevart senter i gamle Imsland kommune. Det var sjøen som var ferdsselsvegen og dei andre grendene i kommunen låg på begge sider av Vindafjorden.

## 1.1 Føreord

Kommunedelplan for kulturminne og kulturmiljø for Vindafjord kommune 2015-2026 er den første kulturminneplanen som er utarbeidd for kommunen. Planen er ein kommunedelplan som inngår som ein del av kommuneplanen. Heimelen for utarbeidingsa av kommunedelplanen er Plan og bygningslova § 11-1.

### Del 1

Tekstdelen gir ein kort omtale av kvart tema i planen. Det er vidare sett opp mål og strategiar for kvart tema.

### Del 2

Tekstdelen i planen munnar ut i eit handlingsprogram som vil bli kopla opp til økonomiplan og årsbudsjett ved årleg revisjon. Både kommuneplanen, økonomiplanen, regionale og statlege retningsliner legg føringar for arbeidet med kulturminne.

### Del 3

inneheld retningsliner for sakshandsaming.

### Del 4

I tillegg til tekstdelen inneheld planen eit plankart, kalla kulturminnekartet, og mindre kart over områda som er vedteke som omsynssoner, eller som i planen er foreslått som slike. Når det gjeld dei prioriterte kulturminna side 17 vert dei gitt sikring gjennom retningslinjer for sakshandsaming når det gjeld tiltak som rører ved desse. Sjå del 3 Retningsliner for sakshandsaming

Planarbeidet har vore organisert av Eining Kultur i Vindafjord kommune. Det politiske utvalet Drift, utvikling og kultur har vore styringsgruppe, medan ei arbeidsgruppe har stått for det daglege arbeidet. Rogaland Fylkeskommune har vore med i arbeidsgruppa og deltar gjennom heile planprosessen. I samarbeid med dei tre sogelaga i kommunen har det blitt gjennomført tre bygdemøte og eit møte med sogelaga i løpet av planprosessen.



## **1.2 Bakgrunn for planarbeidet**

### **KS-04/11, i kommuneplanen sin arealdel pkt 6:**

*"Det vert teke inn i kommuneplanen sin arealdel ei føresegn om at det innan neste regulering skal vere vedteken ein kommunedelplan for kulturminne og kulturmiljø. Gjennomgang og kvalitetssikring av SEFRÅK-materialet skal vere ein del av planprosessen.*

*Rådmannen blir bedt om i løpet av 2011 å førebu og leggje fram eit framlegg til program for utarbeiding av plan for kulturminne og kulturmiljø. "*

Forslag til planprogram er utarbeidd, og vedteke i DUK-016/12.

## **1.3 Plantype og avgrensingar**

Planen vil ta føre seg kulturminne frå eldre og nyare tid. Kulturminne før år 1537 blir rekna som eldre tid, og som i denne planen blir omtala som fornminne. Kulturminne yngre enn år 1537, blir rekna som nyare kulturminne.

Kommunedelplan for kulturminne og kulturmiljø ( heretter omtala som : Kulturminneplanen) skal vere ein tematisk plan for heile kommunen. Fornminne, landbruk og kulturlandskap, bygningar og busetnadsmønster, kommunikasjon og gamle ferdselsårer, samfunnsinstitusjonar, krigsminne, næring og industri, kyrkjer, kyrkjegardar og prestegardar, sjø og landemerke og vassdrag er tema som skal dekkjast i planen. Dei fire førstnemnte tema inngjekk i kulturminneplanen som blei vedtatt 26.05.2015. Planforslaget som no blir lagt fram inneheld alle tema, i samsvar med planprogrammet. Undervegs i planprosessen er temaet sjø og landemerke lagt inn under temaet kommunikasjon og gamle ferdselsårer. Det er også gjort ei strukturendring i planen sin temadel ved at det er laga strategiar til delmåla for kvart tema i staden for tiltak. Tiltaka er samla i handlingsdelen, del 2.

For å sikre kulturminne og kulturmiljø etter plan- og bygningslova, må desse i ettertid følgjast opp i reguleringsplanar, og takast med i kommuneplanen sin arealdel. Kulturminneplanen skal vere førande for all byggjesak og planhandsaming i kommunen, og for dei prioriteringar som blir gjort i Eininga Kultur og Læringssenter.

Det er i planen tatt omsyn til dei kulturminna som er lista opp i kommuneplanen, musea i kommunen saman med den private samlinga Stuhaug Gardsmuseum, alle bygningar som har blitt tildelt byggesikkprisen og dei omsynssonene for bevaring som alt er vedtekne i gjeldande reguleringsplanar. I tillegg er det lagt vekt på dei objekt eller område der det offentlege alt har prioritert gjennom tilskot og tilrettelegging. Til slutt nokre objekt som arbeidsgruppa og styringsgruppa har vurdert som viktige å ha med som prioriterte i planen.



*Gardsanlegget på Mortveit i Skjold består av fire bygningar. Våningshuset er frå 1870*

## 1.4 Definisjonar

Kulturminnelova definerer kulturminner slik i § 2:

*"Med kulturminner menes alle spor etter menneskelig virksomhet i vårt fysiske miljø, herunder lokaliteter det knytter seg historiske hendelser, tro eller tradisjon til.*

*Med kulturmiljøer menes områder hvor kulturminner inngår som del av en større helhet eller sammenheng".*

### Fornminne

Dette er kulturminne frå før reformasjonen i 1537. Desse kulturminna er automatisk freda.

### Nyare kulturminne

Dette er kulturminne frå tida etter 1537. Slike kulturminne kan bli freda etter enkeltvedtak.

### Faste kulturminne

Kulturminneplanen omfattar faste kulturminne, og dermed ikkje gjenstandar.

### Vedtaksfreda kulturminne

Alle kyrkjer som er bygde mellom 1650 og 1850 er listeførte. Saker som vedkjem endringar i og ved listeførte kyrkjer skal sendast til Riksantikvaren for uttale før biskopen fattar vedtak etter kyrkjelova.

### Museumsvern

Kulturminne som musea eig eller har vedlikehaldsansvar for. Desse er som regel ikkje freda etter kulturminnelova. Musea kan vere offentlege, halv offentlege, private, stiftingar eller anna organisasjonsform.

### Offentleg vern

Kulturminne, bygningar og andre faste kulturminne, som det offentlege eig eller har vedlikehaldsansvar for. Kulturminnet skal bevarast, men treng ikkje ha opphavleg funksjon eller museal funksjon.

### Omsynssone bevaring

Kulturminne og kulturmiljø som er sikra ved regulering eller som er bandlagt for seinare sikring gjennom regulering etter plan og bygningslova (§ 12-6).

### Bygningar og område i SEFRAK

Sekretariat For Registrering Av Faste Kulturminne: Registrerte faste kulturminne frå før 1900 som er aktuelle for sikring ved formelt vern gjennom freding eller ved regulering til omsynssone bevaring.



På toppen av Steinslandssåta låg det ei bygdeborg i forhistorisk tid. Her er funne gravrøys og fleire hustufter.

## 1.5 Planperiode

Kulturminneplanen for Vindafjord kommune er ein kommunedelplan for perioden 2017-2029 . Tekstdelen, del 1, har eit langsiktig perspektiv og vil følgje vanleg kommuneplanprosess med revisjon kvart fjerde år. Handlingsdelen, del 2, vil vere ein del av kommunen sitt handlingsprogram/økonomiplan og skal reviderast kvart år.



Foto: Lundekjelda er framleis i bruk som vassforsyning på Lunde i Ølensvåg. I 1950 vart desse tre bronseøksene funne ved kjelda då den skulle utvidast og overstøypast Fotograf Svein Oddvar Indrelid

## 1. 6 Visjon og mål

Vindafjord kommune - vital og sentral. Det spirer og gror, kultur set varige spor.

Frå fjord til fjell har innbyggjarane i Vindafjord sett sine spor på landskapet gjennom dyrking, tilrettelegging og bygging. Kulturminneplanen er ein reiskap for å ta vare på eit utval av kulturminne og kulturmiljø.

### Hovudmål

1. Kartleggje, registrere og synleggjere kulturminne og kulturmiljø i Vindafjord kommune.
2. Bevare, forvalte og synleggjere eit utval av kulturhistoriske verdiar som ressurs, der miljø og heilskap er viktige faktorar.
3. Etablere eit godt og forpliktande samarbeid mellom Rogaland Fylkeskommune si kulturvern avdeling, private eigarar av kulturminne og kulturmiljø, og Vindafjord kommune.
4. Leggje til rette for at kulturminne og kulturmiljø vert opplevd og nytta som ressurs i kommunen i ulike samanhengar.

I tillegg til hovudmåla for planen er det sett opp delmål for kvart tema, i tillegg er planen no bygd opp med strategiar for å ha ei oppbygging i tråd med kommuneplanen

## 1.7 Prioritering av kulturminne og kulturmiljø

Kulturminneplanen for Vindafjord kommune legg opp til prioritering av kulturminne på to nivå:

- 1 -Prioriterte kulturminne og kulturmiljø.
- 2 -Andre kulturminne og kulturmiljø.

### 1. Prioriterte kulturminne og kulturmiljø

Dette er kulturminne som me ikkje ønskjer å miste, fordi dei har stor samfunnsverdi og representative for den tida dei vart bygde i. Det må likevel aksepteras at eigedommen er formålstenleg for eigaren. Viser til 4.1.

Kulturminneplanen legg opp til at prioriterte kulturminne skal få ei tilfredsstillande saksbehandling ved bruk av retningslinjer for saksbehandling.

I planen har kommunen valt å prioritere nokre fornminnemiljø, sjølv om desse alt er automatisk freda. Me ønskjer å synleggjere desse fornminna både gjennom informasjon og skilting og gjennom utarbeidingsa av pedagogiske opplegg til bruk i skulen.

### 2. Andre kulturminne og kulturmiljø

Alle andre kulturminne kjem i denne gruppa. Dette gjeld alle bygningar som er registrerte i SEFRÅK og dei bygningar eller objekt som er med i oversikten 4.4 på side 50 i planen. Dette er alle dei kulturminna me kjenner til per dato, og denne lista er ikkje uttømmande.

#### Fornminne

For desse er forvaltningsmynde lagt til Rogaland Fylkeskommune, v/kulturseksjonen, og Riksantikvaren.

#### Konsekvensar av vern

Når verneverdien av eit kulturminne er fastlagt må dei praktiske konsekvensane av eit vern vurderast. Kulturminnet sin verdi må vegast opp mot dei konsekvensane eit vern vil få.

#### Teknisk tilstand

Eit kulturminne kan vere så forfalle at det meste må skiftast ut for å få sett det i stand. Då må eventuelt det totale miljøet kulturminne stå i vurderast opp mot autensiteten det restaurerte kulturminnet får.

#### Økonomi

Vindafjord kommune har ikkje eigne tilskotsordningar til kulturminnevern. Kulturminneplanen er eit godt virkemiddel ved søknader om fylkeskommunale og statlege midlar til vern.

Tiltaksplan for spesielle miljøtiltak i landbruket (SMIL-midlar) som kan nyttast til istandsetting og vedlikehald av bygningar knytte til jordbruket, fylkeskommunale midlar til istandsetjing og Kulturminnefondet er døme på slike.

#### Konfliktnivå

Bevaring av kulturminne kan kome i konflikt med andre samfunnsinteresser, som t.d. vegar, kraftutbygging eller nybygg. Avveginga i slike saker ligg hos politikarane på kommune, fylkeskommune og departementsnivå



## 1.8 Satsingsområde og tiltak

Kulturminneplanen for Vindafjord kommune er delt inn i ni ulike tema. Fire av desse er vedteke i plan av 26.05.2015 medan dei siste fem tema nå er innarbeidd i eit fullstendig planforslag, slik det no ligg føre.



Holvegen på Skeie i Sandeid kan vere restar av den gamle ferdelsvegen mellom Sandeid og Ølen .

### 1.8.1. Fornminne

#### Steinalderen (8000 – 1500 f.kr)

Heilt frå isbreane byrja å dra seg tilbake frå strendene våre ca. 8000 f.Kr. finn me spor etter dei første menneska i Vindafjord, truleg omflakkande folk som levde av fiske og fangst. Det finst ingen graver etter dei, men restar etter enkle bustader og reiskapar.

På Alna i Vikebygd er det registrert ein buplass som er 6000 år gammal. Det er òg funne steinalder lokalitetar på Gjerdavik, Svensbø og på Innbjoa.

I Steinalderen tok ein i bruk ei rekke material. Nokre steinsortar, som flint, blei forma eller brukt til å lage skjerereiskapar og våpen, medan andre steinsortar som basalt og sandstein blei brukt til å lage kverner og andre reiskapar. Tre, bein, skjell og horn blei også mykje brukt.

#### Bronsealderen (1500 – 500 f.kr)

Bronsealderen var ein vekstperiode i regionen og alt på denne tida viser det seg at Rogaland låg strategisk til i høve til Nordsjøen, Storbritannia og kontinentet. Det vaks fram ei rik høvdingklasse som hadde tett kontakt med landa rundt Nordsjøen. Denne overklassen tok i bruk hest og ard, skaffa seg statussymbol av bronse, budde i langhus og vart gravlagt i store gravhaugar. Det finst mange funn frå denne perioden både i Rogaland og Vindafjord. Bronsealderen gjekk menneske over frå å lage verktøya sine av stein til å lage nokre av dei av bronse.

Den første, faste busetnaden kom i bronsealderen då det vaks fram rike kulturar på dei beste jordbruksområda, mellom anna på Lunde i Ølensvåg.



## **Jernalderen ( 500 f.kr – 1050 e.kr)**

Den største auken i folketalet kom i eldre jernalder, i den såkalla folkevandringstida (400-600 e.Kr.). Ved utgangen av denne perioden var truleg dei aller fleste gardane i Vindafjord rydda og bygde. Dette var ei uroleg tid, og bygdeborgene våre vart reiste på strategiske fjelltoppar. Frå den tida har me òg spor etter mange gardsanlegg, dels som restar etter grindbygd langhus, og elles slagghaugar etter kolmiler og jernvinner.

Jernalderen er den tids- eller utviklingsepoken der bruken av jern er mykje brukt i produksjon av våpen og reiskap. I Noreg begynte jernalderen omkring 500 f.Kr, mens dei tidlegaste spora av jernutvinning, i Midtøsten, går betydelig lengre tilbake.

I den neste store vekstbolken, i vikingtida (800-1100 e.Kr.), vart mange av gardane delte opp i gardsbruk, og nokre mindre gardar vart rydda i utkantane.

Gjennom fornminna kan deler av den gamle soga setjast i saman på nytt, og eit forminne som går tapt utan å vere fagleg granska, er difor eit tapt og ulese blad av bygda si soge.

### **Status**

”Fornminne er dei merke og spor som framleis kan finnast etter verksemد å folk som levde i bygdene våre for hundrevis og tusenvis av år sidan,” skriv Svein Indrelid i innleiinga til boka

” Fornminne og fornminnevern i Ølen kommune”

Bakgrunnen for denne boka var eit feltarbeid som han gjorde saman med eit team i Ølen i 1990-1991 der dei registrerte fornminne i Ølen kommune. Alle fornminne som framleis fanst vart oppsøkte, skildra på nytt og kartfesta for økonomisk kartverk i målestokk 1:5000.

For gamle Vindafjord kommune gav Arkeologisk museum i 1979 ut oversikten ”Fornminner i Rogaland.– Vindafjord kommune”. Registreringane vart gjort i samband med utarbeiding av økonomisk kartverk for kommunen.



*Husmannsplassen i Långåsdalen i Vikebygd høynde til bruk i Bjordal og var i drift fram til 1925.*

## **Mål**

*Vindafjord kommune vil i samarbeid med regionale styremakter sikre fornminna mot øydelegging, og nytte desse som eit utgangspunkt for kunnskap og oppleving.*

## **Strategi**

- Etablere eit godt og forpliktande samarbeid med regionale styresmakter når det gjeld fornminne.
- Samarbeide med grunneigarar, sogelag, museum og skule for å auke kunnskapen om fornminne.
- Legge til rette for at eit utval fornminne er tilgjengelege.

### **1.8.1.2 Landbruk og kulturlandskap**

På Alna i Vikebygd er det registrert ein buplass som er 6000 år gammal. Det er også funne steinalderlokalitetar på Gjerdavik, Svensbø og på Innbjoa.

Den største auken i folketalet ser ut til å ha skjedd i folkevandringstida (400 – 600 e.kr.) , då dei fleste gardane vart rydda. Men også vikingtida ( 800-1100 e.Kr) hadde god folkeauke.

Svartedauden, som braut ut i Noreg i 1349 , førte til at 60 prosent av den norske befolkninga døydde, mange gardar vart lagt aide, og nedgangen i folketalet tok det rundt 2-300 år å byggje opp att. Me reknar ingen auke i folketalet etter svartedauden før i siste halvdelen av 1500-talet, og rundt 1650 reknar ein med at folketalet var nådd opp i om lag same nivå som før svartedauden.

Ei løe i Stokkadalen i Vats vart i 2003 tidfesta. Tømmeret som løa er bygd av vart felt vinteren 1597-1598, og vintrane 3, 4 og 16 år før dette. Løa er truleg sett opp sommaren 1598 eller noko seinare. Løa vart freda av riksantikvaren i 2003, som den einaste bygningen i Vindafjord utanom dei listeførte kyrkjene.

Dei fleste av dei eldste bygningane som står i dag er likevel frå 1800-talet, og siste halvdel av dette. Vindafjord hadde rik tilgang på naturressursar, og dei som budde her utnytta desse. I fjorden var det fisk, og bryggjer og naust vart bygde for å lande og ta vare på båtar og fiskereiskap. I skråningane ned til fjorden var det godt grunnlag for å dyrke opp jorda, og våningshus, løer, stabbur, smier, eldhus og fjøs vart bygde for å ta vare på folk, dyr og naturressursar. Utmarka var også viktige og uteløper, fehus og torvhus vart bygde. Lenger opp i fjellet stølar som vart nytta om sommaren.

## **Status**

Bygningar bygde før 1900 vart i perioden 1990-1995 registrerte i SEFRAK (Sekretariat For Registrering Av faste Kulturminne). Totalt 1248 bygningar vart registrerte i Vindafjord gjennom ordninga, og både bustadhus, næringsbygg og bygningar i landbruksområdet vart registrerte. Gjennom registreringa vart fakta om bygningane skrive ned, det vart laga ein teikning av huset der ulike rom er teikna inn. Til slutt vart husa utvendig fotografert.

I 2011 starta ei evaluering av bygningane registrerte i SEFRAK. Det vart først gjennomført eit møte, leia av fylkeskommunen, der eit utval av 446 bygningar registrerte i SEFRAK vart valde ut for vidare evaluering. Desse vart så oppsøkte og fotografert på nytt, og opplysningar om kva som hadde skjedd med bygningane sidan dei vart registrerte, vart skrive ned. Alle dei opphavlege registreringsarka har no blitt digitaliserte, og no også organisert etter nye gards og bruksnummer i Vindafjord.





Foto: Vindafjordmuseet ligg i Vikedal og her finn du ei samling av bygningar og ei utstilling av gjenstandar.

I Vindafjord kommune er det to museum og ei privat samling der det er fleire ulike bygningar frå landbruket. 1.Vindafjordmuseet i Vikedal, som kommunen eig, og som er underlagt Haugalandmuseene når det gjeld drifta. 2 Nerheimstunet i Ølen som Sunnhordland Folkemuseum eig og driv, og 3 det private Stuhaug Gardsmuseum i Sandeid. I tillegg vert Årvik skule rekna som museumsbygg. Bygget er eiga av ei stifting.

På Vindafjordmuseet i Vikedal er det eit stabbur, ei røykstove, eit kvernhus, ein telefonentral og ein telefonkiosk som blir tatt vare på. Bygningane er flytta til museet.

Nerheimstunet i Ølen er eit bygdetun med stovehus, løe med tømra fjos, eldhus, stabbur og vedaskut. I tillegg ligg ei grindløe lagra på området. Nokre bygningar er flytta til området, men dei fleste hørde til det opprinnelige tunet som vart gjeve til museet av Anna Nerheim som døydde i 1969.

Stuhaug Gardsmuseum er ei privat samling av bygningar bygt opp rundt husmannsplassen \* Krokane mellom Sandeid og Ølen , og husmannstove og løe frå garden. I tillegg er eit anna stovehus, smie, langhus, kvernhus, stabbur, elhus, skut, fjøs og jordkjellar, bygningar som er flytta til og sett opp på området.

## Mål

Ta vare på eit utval av bygningar, anlegg og område for å dokumentere utviklinga i landbruket og utvikling av kulturlandskapet fram til slik det ligg i dag.

## Strategi

Etablere gode samarbeidsformar mellom private og det offentlege for å ta vare på kulturminne.

Samarbeide med landbruksorganisasjonar

Auke kunnskapen om kulturlandskap og bidra aktivt til bruk og vern.a





### **1.8.3 Bygningar og busetnadsmønster**

*Bygningsmiljøet i Ølen sentrum er høgt prioritert i kulturminneplanen og eit viktig område å ta vare på vidare*

Viser til det som er gjort greie for under 1.8.2 Landbruk og kulturlandskap i første og andre-avsnitt.

Etter kvart vaks dei ni bygdene i Vindafjord fram, og sidan det var sjøen og fjordane som var livsnerva, var det langs fjorden at bygdesentra vart etablerte. I alle dei ni bygdene i Vindafjord er store deler av dei gamle strandstadene intakte, og mange av husa bygde her på 1800-talet og utover på 1900-talet er framleis i bruk enten som bustad eller fritidsbustad, og blir tatt vare på.

#### **Status**

Bygningar bygde før 1900 vart i 1992 registrerte i SEFRAK (Sekretariat For Registrering Av faste Kulturminne). Totalt 1248 bygningar vart registrerte i Vindafjord gjennom ordninga, og både bustadhús, næringsbygg og bygningar i landbruket vart registrerte. Gjennom registreringa vart faktum om bygningane skrive ned, det vart laga ein teikning av huset der ulike rom er teikna inn. Til slutt vart husa utvendig fotografert. I 2011 starta ei evaluering av bygningane registrerte i SEFRAK. Det vart først gjennomført eit møte, leia av fylkeskommunen, der eit utval av 446 bygningar registrerte i SEFRAK vart valde ut for vidare evaluering. Desse vart så oppsøkte og fotografert på nytt, og opplysningar om kva som hadde skjedd med bygningane sidan dei vart registrerte, vart skrive ned. Alle dei opphavlege registreringsarka har no blitt digitaliserte, og no også organisert etter nye gards og bruksnummer i Vindafjord.

#### **Mål**

*Ta vare på eit utval av bygningar og bygningsmiljø*

## **Strategi**

Etablere gode rutinar for saksbehandling

Etablere gode samarbeidsformar mellom private og det offentlege når det gjeld ivaretaking av kulturminne.

### **1.8.4 Kommunikasjon og gamle ferdsselsårer**

I eldre tider var det fjordane og sjøen som var hovudferdselsåra medan landområda var med på å knyte fjordsistema saman. I Vindafjord er det tre eid som har blitt nytta til å knyte Nord-Rogaland og Sunnhordland saman. Mellom Isvik og Haraldseidvågen, mellom Åmsosen, via Vatsvatnet til Ølensvåg og mellom Sandeid og Ølen.


Segna om ” den hårfagre Harald” fortel at den første gongen han kom inn Ålfjorden til

Haraldseidvågen så drog han skipa sine over til Eidsvik ( Isvik) og segla ut Skjoldafjorden.

Eidet vart nytta til å dra båtar over heilt fram til utover på 1900 talet

Dampskipa kom i siste halvdelen av 1800-talet, og vart sett inn i faste ruter. Sist på 1860-talet hadde Sandeid, Imsland og Åmsosen anløp av rutebåt frå Stavanger, og Ølen fekk dampskipstrute frå Bergen. Den nye dampskipstrafikken kom til å knyta bygdene i Vindafjord endå sterkare saman med Bergen og Stavanger, og avløyste den 300 år gamle postvegen mellom Bergen og Stavanger. Heilt sidan 1650 hadde postbøndene gått eller ridd over eidet mellom Ølen og Sandeid, på sine turar mot dei to byane. Postvegen vart halden ved like av lokale bygdefolk, som pliktarbeid på faste vegstrekningar (“roder”). Langs postvegen var det nokre enkle postopneri, mellom anna i Ølen. Eit nytt postopneri vart opna i Ølen etter at den nye postvegen mot Haugesund stod ferdig i 1861. Denne vegen vart bygd vidare over Fikse til Etne.

Fjellområdet mellom Skjold, Vikebygd, Bjoa og Vats har ved hjelp av stiar og ferdsselsårer blitt nytta til å knyte desse bygdene saman, det same mellom Steinsland i Sandeid og Aurdal i Øvre Vats, mellom Ølen og Etne over Fikse og mellom Fjellgardane i Vikedal og Ølmedal i Imsland.



*Ørevikvegen ,som går frå Imslandssjøen og innover mot Kvaløy ,er ein 1.5 kilometer lang vegstrekning som syner gamal riksvegstandar innover mot Ropeid og Sauda på 1960-talet*



I tillegg var det ferdsselsruter gjennom Bjønndalen øvst i Vikedal, som var med å knytte dette området saman med Sauda, Suldal og Etne.

### Status

Endre Heggen har i samråd med kulturavdelinga i Hordaland Fylkeskommune og Ølen kommune samla artiklar med historie om vegnettet i kommunen under tittelen ”Veger og bruer i Ølen kommune” 2002.

Arkeolog Heidi Handeland har undersøkt gamle vegar og ferdsselsårer i Ølen kommune og samla dette i rapporten: ”Gamle ferdslevegar i Ølen kommune” 2005

Vindafjord kommune har sidan år 2000, gjennom Dragseidprosjektet, arbeidd med å finne ut meir om desse ferdsselsårene, og marinarkæolog Endre Elvestad har gjennomført undersøkingar og skrive to rapportar om emnet i 2009 og 2010.

### Mål

*Ta vare på og synleggjere historia rundt viktige ferdsselsårer og midlar for kommunikasjon*

### Strategi

Legge til rette for at eldre ferdsselsårer kan nyttast som turvegar og informere om desse.

#### 1.8.5 Vassdrag

Vatn har gitt grunnlag for ferdsel, busetnad, jordbruk, handverks- og industriverksemd. Desse aktivitetane har sett meir eller mindre tydelege spor etter seg langs vassdraga.

Myrar, vatn, bekker, elvar og fossar er det mange av i Vindafjord. Vindafjordingane har nytta denne ressursen både til å skaffe seg og foredle mat, men også til å etablere bedrifter. Langs små og store bekker var det mange kverner som malte kornet dei hadde dyrka, og langs bekkane vart det laga demningar og vassrenner for å samle og føre vatn fram til kvernane.

Frå sist på 1800-talet vart det bygt større møller (bygdemøller), som tok imot korn for leigemaling. Desse var meir effektive enn dei små gardskvernane, som etter kvart gjekk ut av bruk. Kring 1930 var det heilt slutt på gardskvernene. Etter krigen tok korndyrkinga slutt i Vindafjord som på dei fleste stadene på Vestlandet, og møllene vart lagde ned. Mellom desse var Trovåg Mølle og Bjoa bygdemølle, som no er museum.

”Møllo” var lenge bygdefolket sitt namn på Berge Sag i Ølensvåg. Verksemda fekk oppstarten si med ei mølle, som vart driven av fossefallet på Berge og mol korn for bønder i bygda. Seinare vart det bygd sag, med kjøp og sal av tømmer, bord og plank, og sidan bygging av hus og hytter.

Sagene vart etablerte på liknande vis, ofte med demningar og kanalar oppi fjella, som skaffa sik-



Denne smia i Øvre vats er eit godt døme på korleis vasskrafta i elvar og bekker var utnytta tidlegare

kert vatn i fossen til å driva saga nedanfor. Slik kunne folk sage opp tømmeret dei hogde i skogen og skaffe trevirke til å byggje og reparere bygninga. I skottetida, frå slutten av 1500-talet, var det nær sagt sager over alt der det var skog og vatn nok til ei flaumsag. Desse sagene var eksportretta. Nedanføre sagene venta skotske og andre land sine skip på å frakta plank, bjelkar og andre trevarer til Skottland eller ulike land i Vest-Europa. Verksemda førte til kraftig oppbløming i liv og levemåte, som ein tidleg «oljealder». Romsa spelte ei viktig rolle som hamn for desse fartøya. Etter ei tid var det meste av

den beste skogen hoggen ut og eksporten minka veldig av før det tok endeleg slutt uthånd i 1700-talet. Nokre av sagene heldt likevel fram med å skjera til meir lokale kundar.

Nokre stader vart dette utvikla til industri. I Sandvik på Bjoa vart det bygd store demningar i fjellet som gav grunnlag for skipsbygging ved fjorden. Rundt Opsalsfossen i Vikedal var det sagbruk, mølle, klesklype-, tresko- og trerøyrproduksjon, som alle nyttva vasskrafta.

I store område, heilt frå Dalen på Bjoa, vart det tatt ut tømmer som blei fløyta på Dalselva til Årvik i Vikebygd. Nedanfor Bruarvatnet i Årvik var det bygd ei vassrenne til eit sagbruk ved fjorden.

Frå tidleg på 1800-talet vart det bygd stamper i mange bekker og elvar, for stamping av ulltøy til vadmål. Over hundre år seinare vart dei første, små kraftverka bygde, for å skaffa straum til ei lyspære eller ein liten motor, m.a. på Kolbeinshaug i Ølensvåg.

#### **Status**

Viser til oversikt over alle kjente kulturminne under Vassdrag på side 55. Sjølv om myke av det som er lista opp i oversikten ikkje er intakt, finst det i alle bygder døme på bygningar og anlegg som viser korleis vasskrafta har blitt nytta. Nokre av allegga er restaurerte ved hjelp av privat innsats og tilskot frå det offentlege, medan nokre har blitt klassifiserte som A-objekt etter evaluering av SEFRAK som vart gjort i 2016.

#### **Mål**

Ta vare på eit utval av bygningar og anlegg som viser korleis vasskrafta har blitt nytta.

#### **Strategi**

Samarbeid med grunneigarar.

Leggje til rette for at eit utval kulturminne knytt til vassdrag er tilgjengelege.

Informere om kulturminna.

#### **1.8.6 Næring og industri**

Landbruket har alltid stått sterkt i Vindafjord, og heilt fram til i dag har det vore den næringa alt anna kvilte på og som var den totalt dominante levemåten. Landbruket har og vore utgangspunkt for utvikling av næringsverksemd knytt til landbruk, som slakteri og meieri.

Med sine mange fjordarmar har også fiske danna grunnlag for utvikling av næring og industri. Skog og trevirke har vore ein svært viktig ressurs.

I mange bygdesentra vart det etablert bakeri som baserte seg på importert mjøl av kveite og rug. Bygdemøllene tog seg meir av havre og bygg som bøndene produserte lokalt.

Til slutt vart dei små for små og bakeria vart slått saman til større einingar, som Langeland Bakeri.

Brislingfisket i fjordane danna grunnlag for hermetikkfabrikkar både i Ølen og i Haraldseidvågen. Sild skulle saltast og leggjast i tønner. Mange stader var det bøkkerverkstader som produserte tønnene som trøngst.

Det trøngst båtar og skip til fiske, og transport av fisken til byar og utlandet. Langs fjordane i Vindafjord var det etter midten av 1800-talet mange skipsverft som bygde og selde skip og båtar. Den største aktiviteten var i Hogganvik i Vikedal og Sandvik på Bjoa, begge stader var det arbeid til mange. Dette var ei ny tid med økonomisk oppsving og blei kalla «vervatiå».

Både i Rønnevik i Imsland og Dalen på Bjoa tok dei ut is om vinteren som vart lagra i såkalla "ishus". Isen vart nytta til kjøling, dels av fisk og ikkje minst av mjølk. Denne skulle i hovudsak frakta til konsum i Bergen og Stavanger.



I dei siste tiåra av 1800-talet vart dei første meieria bygde, i fleire av bygdene våre. Nokre står framleis, men er ikkje lenger i drift.

I Vats, Skjold og Ølensvåg har det vore gruvedrift. Der var det tatt ut både glimmer, uran og koparkis.

#### **Status**

Viser til oversikt over alle kjente kulturminne under Nærings og industri på side 52. Svært mykje av det gamle når det gjeld næring og industri er borte, men noko er att og er gode døme på det som har vore. Næringane i Vindafjord vaks fram frå det som var naturgitte tilhøve, og ut frå primærnæringane landbruk, skogbruk og fiske, og i stor grad knytt opp til desse. Ølen og Bjoa Sogelag eig og driftar Krambumuseet i Ølenssjøen og Bjoa Bygdemølle på Innbjoa. Plassabakeriet i Vikebygd er i drift og Trovåg Mølle blir tatt vare på. I Vats ligg det fleire rester etter gruveverksmed og i Haraldseidvågen står ein handelsstad, med kai, butikklokale, pensjonat, postopneri og hermetikkfabrikk.

#### **Mål**

Ta vare på eit utval av bygningar og anlegg som viser korleis næring og industri har utvikla seg.

#### **Strategi**

Samarbeid med grunneigarar og næringslivsorganisasjonar.

Informere om kulturminna.

#### **1.8.7 Krigsminne**

Krigsminne er fysiske minne etter krig og okkupasjon. Krigsminne frå andre verdskrig kan vere bygg, anlegg, landskap eller andre fysiske spor som er knytt til hendingar i landet under krigen, frå krigshandlingar eller dagleglivet. Døme på dette kan vere kystfortet på Dreganes, motstandsbytta Arquebus, arbeidsleir i Vikedalsdalen og fluktruter som Arquebusruta, skytestillingar, løpegraver og bunkersar som det finst fleire av.

Under andre verdskrigen 1940 - 45 vart Noreg invadert og okkupert av den tyske krigsmakta, og under okkupasjonen bygde både tyskarane og den norske motstandsrørsla infrastruktur og forsvarsanlegg som dei hadde behov for. Mange av desse er framleis synlege og nokre er i bruk den dag i dag.

#### **Status**

Viser til oversikt over alle kjente kulturminne under Krigsminne på side 50. I Vindafjord finst det større og mindre anlegg definert som krigsminne. Nokre er godt kjende, nokre er registrerte, medan ein god del er kjende utan at det er gjort ei samla registrering av dei.

#### **Mål**

Ta vare på eit utval krigsminne og auka kunnskapen om krigsminne i Vindafjord. og ta vare på eit utval av desse.

#### **Strategi**

Registrere krigsminne i kommunen.

Samarbeid med grunneigarar.

Informere og tilrettelegge om kulturminna.





På Dreganes i Ølen ligg det eit krigsminne frå siste verdskrigen. Her er både kanonstillingar, skyttergraver og bunkerarar

### 1.8.8 Kyrkjer, kyrkjegardar og prestegardar

Kristninga av Noreg førte til bygging av kyrkjer og kyrkjegardar. Dette skjedde i tidleg middelalder, frå kring år 1000 og truleg utover på 1100-talet. Somme var truleg gamle gudshus vigde til dei gamle gudane, som Njord som har gjeve namn til noverande Nerheim (før Njardheim) i Ølen. Der ligg framleis middelalderkyrkjegarden med det gamle våpenhuset.

Også i Imsland, Vikedal, Sandeid, Vats, Skjold og Vikebygd er der kyrkjegardar frå middelalderen. Truleg hadde alle stavkyrkjer bygde i tidleg middelalder.

I dag er dei gamle kyrkjene borte. Men kyrkjegardane er igjen, og med unntak for den i Sandeid er alle framleis i bruk.

Middelalderkyrkjegardane er automatisk freda, og større inngrep er ikkje tillate. Det einaste gjeld eksisterande graver som har vore i samanhengande bruk sidan middelalderen.



Imsland kyrkje

Kyrkjene i Imsland, Vats og Vikebygd er listeførte og ein del av eit prosjekt sett i gong av Riksantikvaren der alle kyrkjer eldre enn 90 år vart registrerte. Desse kyrkjene har i tillegg gjennomgått små forandringar.

I 1849 vart bygdene våre ramma av ein koleraepidemi. På den tid trudde ein at smitten kom gjennom lufta, frå kolerasjuke og frå graver med koleradøde. Derfor kom det eit statleg påbod om at koleradøde ikkje måtte gravleggjast på dei ordinære kyrkjegardane, men på eigne, nye kyrkjegardar. I Vindafjord vart det bygd og vigsle fleire slike kyrkjegardar, m.a. i Vedvika på Bjoa, i Årvik i Vikebygd, på Dommersnes i Vikebygd, ved Osen i Ølen og i Skjold..

Prestegardar var det i Vikedal og Skjold.

### **Status**

Viser til oversikt over alle kjente kulturminne under Kyrkjer, kyrkjegardar og prestegardar på side 54. Vindafjord kommune har åtte kyrkjer med tilhøyrande kyrkjegardar. I tillegg finst det middelalderkyrkjegardar i fleire bygder og nokre kolerakyrkjegardar. Vindafjord kommune er ansvarleg for finansiering av drift og vedlikehald av kyrkjer og kyrkjegardar. Riksantikvaren må godkjenne arbeid som skal gjerast på kyrkjene som er listeførte.

### **Mål**

*I samarbeid med kyrkjeleg fellesråd ta vare på kyrkjene og formidle historien om dei.*

### **Strategi**

Sikre godt vedlikehald .

Informere om kulturminna.

Nytte kyrkjene til kulturformidling

### **1.8.9 Samfunnsinstitusjonar**

Skulehus, bedehus og ungdomshus har vore viktige for samfunnsbygginga i Vindafjord. Her kunne folk møtast til samtale, fest og sorg, og til diskusjonar og samarbeidsprosjekt som både var med på å utvikle grender, bygder og dei som var med.

Omgangsskulen var den første organiserte opplæringa av born på landsbygda i Noreg. Læraren gjekk då rundt i bygdene og organiserte undervisning på ulike gardar. Undervisninga kunne vare eit par månader på kvar stad, og opplæringa som vart gitt var stort sett religionsundervisning og ei førebuing til konfirmasjon

Etter at Skulelova kom i 1860 vart det bygd mange skulehus i Vindafjord, og opplæringa i kom inn i faste former.

Bedeusu vart reist i Noreg frå midten av 1800-talet og utover, men særleg tidleg på 1900-talet. Dette gjeld også for Vindafjord. Det var gjerne bedehus i kvar grend. Desse vart bygde av kristne organisasjonar eller sjølvstendige einingar. Svært mange av desse bedehusa blir framleis nytta.

Ungdomshus vaks fram frå rundt 1905 og hadde si største blomstringstid i 1920- og 30-åra. Ungdomshusa blei viktige grendehus og kulturhus i sine område og mange er framleis samlingsplassar for lokal kulturverksemrd.

Formannskapslovene av 1837 danna grunnlag for etablering av kommunar, først med utgangspunkt i prestegjeldet. I 1921, 1938 og 1954 vart desse avløyst av kommunelover. Før den





*Årvik skule vart i 2015 overført frå Vindafjord kommune til stiftinga Årvik skule. Stiftinga skal nytte skulen til eit lokalt skolemuseum*

omfattande kommunenesamslåinga tidleg på 1960-talet var både Imsland, Vikedal, Sandeid, Vats, Skjold, Vikeygd og Ølen eigne kommunar med kvar sitt kommunehus.

### **Status**

Viser til oversikt over alle kjente kulturminne under samfunnsinstitusjonar på side 50. Framleis finst det mange gamle skule- og bedehus i Vindafjord. Somme av dei gamle bedehusa er framleis i bruk, medan fleire av dei gamle skulane som framleis står, har fått anna bruk og blir vedlikehaldne av ulike lag organisasjonar. Vindafjord kommune har gjort vedtak om å ta vare på eit eldre skulehus, Ersland skule. Dette er flytta til Skjold skule og lagt inn under Vindafjord-museet. Imsland Bedehus ligg innanfor regulert område for bevaring.

### **Mål**

*Ta vare på eit utval av samfunnsinstitusjonar.*

### **Strategi**

Samarbeid med eigarar..

Informere om kulturminna.



## Del 2. Handlingsprogram i planperioden 2017–2029

Utarbeide ein prosedyre for saksbehandling av bygningar og objekt som ikkje er registrerte i SEFRAK, men som det kjem opplysningar om.

Utarbeide prosedyre for byggesaker som gjeld bygningar og objekt som er prioriterte kulturminne og/eller SEFRAK-registrerte.

Etablere eit godt og forpliktande samarbeid med regionale styresmakter når det gjeld forvalting og tilrettelegging for informasjon om fornminne.

Utarbeide pedagogiske opplegg for eit utval av fornminne. T.d. gravfeltet på Refsnes og helleristingane og kulturstien på Utbjøa. Jmfr. Dragseidprosjektet.

Setje opp informasjonsskilt om eldre ferdelsårer når desse blir nytta til turstiar.

I samarbeid med sogelaga starte registrering av husmannsplassar i Vindafjord.

Gjennomføre eit fornminneseminar.

Starte registrering av bygningar og objekt som er bygde etter 1900 og fram til i dag, og som i framtida vil vere viktige for å dokumentere historia.

Kartlegge og systematisere det som er registrert når det gjeld eldre ferdelsårer og få dette lagt inn på kart.

Kulturminna under tema vassdrag blir skilta og det blir sett opp infotavler.

Registrere krigsminne i kommunen og leggje desse inn på kart.

Lage eit opplegg for Vindafjord Ut på Kul Tur etter same mal som Ut på tur, for å sjå kulturminna.

Lage eit system for dokumentasjon av innkomen kunnskap om alle kjente kulturminne.  
Lage eit register og få dette lagt inn på kart.



# Del 3. Retningslinjer for saksbehandling

## 3.1 Retningslinjer

Kulturminneplanen er ein kommunedelplan (jf. pbl §11- 1) og er ein del av kommuneplan for Vindafjord kommune. Retningslinjene skal gje rammer for forvalting, tilrettelegging og formidling av og om dei faste kulturminna i kommunen, og dei historiske og kulturelle verdiane dei representerer.

### 1. Verknad av planen

Retningslinjene og kulturminnekartet datert 23.04.2018 gjeld saman med føresegner/retningslinjer/plankart i kommuneplanen inkl. Ølen historiske sentrum.

Retningslinjene i Kulturminneplanen gjeld framfor føresegner/retningslinjer i eldre overordna planar og eldre reguleringsplanar i Vindafjord kommune, dersom det ikkje er samsvar mellom desse. Der slike samsvar føreligg vil eldre planar og kulturminneplan utfylle og supplere kvarandre.

### 2. Generelt

Behandling av planar og byggesaker skal ivareta både automatisk freda og nyare tids kulturminne. Dette set krav til at aktuelle einingar/faginstansar i kommuneorganisasjonen kjenner til og aktivt brukar både kulturminneplanen og Riksantikvaren sin kulturminnedatabase Askeladden.

#### Kommunen har følgande rutinar for sakshandsaming av nyare tids kulturminne:

- Alle plan- og byggesaker som rører ved kulturminne som er sett av til spesialområde/omsynssone bevaring/vern av kulturmiljø og kulturminne i gjeldande reguleringsplan eller er prioritert i kulturminneplanen, skal vurderast etter plan- og bygningslova, kulturminnelova og reglar for kulturlandskapsforvalting innanfor landbruket sitt regelverk, og retningsliner i



Gamlatunet på Lunde har ein historie som går tilbake til 1700-talet, og i dag er det tatt vare på fleire av bygningane som fortel historia. Gamlatunet er prioritert i handlingsplanen.



kommuneplan og andre overordna planar, også kulturminneplanen.

- Alle søknadspliktige tiltak som rører ved prioriterte kulturminne og A- eller B-objekt i SEFRAK skal vurderast særskilt med vekt på verdi som kulturminne. Det skal gjennomførast eit avklaringsmøte i kommunen der aktuelle faginstansar (plan, byggesak, juss og kultur) blir kalla inn, før vedtak blir fatta.

- Alle søknadspliktige tiltak som omfattar anlegg av nasjonal og regional verdi som er 1) regulert til spesialområde/omsynssone bevaring/vern av kulturmiljø og kulturminne, og 2) SEFRAK A- eller B-objekt, skal sendast regional kulturstyresmakt for uttale før vedtak blir fatta i kommunen. Det skal også i desse sakene gjennomførast eit avklaringsmøte i kommunen.

- Alle søknadspliktige tiltak på bygningar frå før 1850 skal sendast regional kulturstyresmakt for uttale før vedtak blir fatta i kommunen, jf. kulturminnelova § 25.

- Alle reguleringsplanforslag skal sendast regional kulturstyresmakt for uttale, jf. kulturminnelova § 9. Ved endring av reguleringsplan som rører ved prioriterte kulturminne, skal også planforslaget sendast regional kulturstyresmakt.

- For bygg, konstruksjonar og anlegg som rører ved dei prioriterte kulturminna, kan ein ikkje tillate vesentleg endring av eksisterande kulturmiljø og bygningar sitt eksteriør. I desse områda tillét ein normalt ikkje fortetting. Mindre tiltak, som til dømes tilbygg, skal tilpassast og underordnast bygningar og kulturmiljøet sin karakter med omsyn til utforming.

- Bygningar og anlegg som er prioritert i kulturminneplanen eller er innanfor område regulert til spesialområde/omsynssone bevaring/vern av kulturmiljø og kulturminne, skal tas vare på. Kommunen skal føre ein restriktiv politikk med omsyn til riveløyve og vesentlig ombygging, riving er søknadspliktig tiltak, jf. Pbl § 20-1, pkt. e. Søknaden om å rive eit kulturminne skal vurderast med særskilt vekt på verdien som kulturminne.

- Dersom det skal bli gitt løyve til nye tiltak, må det dokumenterast at fordelane er klart større enn ulempene.

- I byggesaker på gardsbruk for bygningar som er prioritert i kulturminneplanen i Vindafjord kommune, bør kommunen i enkelte høve kunne vurdere å godkjenne at det vert bygd eit nytt bustadhus på gardsbruket utan å krevje eksisterande bustadhus rive

### **3. Søknadsprosess og krav til dokumentasjon i plan- og byggjesaker**

Dersom ein som grunneigar planlegg tiltak på eitt prioritert kulturminne i kulturminneplanen eller på eit A- eller B-objekt i SEFRAK, tilrår kommunen at det blir gjennomført ein førehandskonferanse med byggesakshandsamar og rådgjevar for kulturminnevernet i kommunen.

Som grunnlag for vurdering og behandling av saker der prioriterte kulturminne og kulturmiljø inngår, skal følgjande materiale følgje søknaden:

#### **3.1 Reguleringsplan**

Det skal gjerast greie for korleis:

- området inngår i ein større samanheng i høve til omgjevnadene, korleis omsøkte volum og høgder er tilpassa nabobygg og naboeigedommar
- nye tiltak er tilpassa eksisterande kulturmiljø
- prioriterte kulturminne og kulturmiljø kulturfagleg er vurdert.



### **3.2 Byggjesak**

Med søknad om tiltak skal følgje:

- Situasjonsplan i målestokk 1:500 eller annan formålstenleg målestokk. Denne skal vise nytt tiltak i høve til eksisterande bygningar og landskap. Situasjonsplanen skal også vise plassering av nytt tiltak, terrengetforming, eventuelle murar, vegar, parkering, fargeval m.v.
- Fasadeteikningar som viser nytt tiltak og området sine fasadar i heilskap. Utforming, materialval og dimensjonar skal vere i samsvar med lokal byggeskikk.
- Terrengprofil gjennom planlagt tiltak/bygning som syner terrengetilpassing, høgde på bygg samt tilhøve til nabobusetnad. Eksisterande og planert terreng skal visast.
- Dokumentasjon for korleis nye tiltak er tilpassa eksisterande kulturminne. Kvalitetar i gamle bygningar og eksisterande kulturmiljø skal førast vidare ved tilbygg, ombygging og påbygging. Alle nye tiltak skal gjennom nyskaping og tilpassing i høve til utforming, storleik og plassering styrke det lokale kulturmiljøet.
- Ei kulturfagleg vurdering av berørt kulturminne/kulturmiljø
- Bilete av kulturminne/kulturmiljø

### **3.3 Bruk og skjøtsel av verdifulle kulturlandskap**

Som overordna retningslinjer for saksbehandling knytte til bruk og skjøtsel av verdifulle kulturlandskap i jordbruksområda vil Vindafjord kommune nyta føringane som ligg i Regionalt miljøprogram for landbruket i Rogaland (2005) og kommunen sin vedtekne strategi for prioriterting av tilskott gjennom SMIL- ordninga (SMIL - Spesielle Miljøtiltak I Landbruket).

### **3.4 Friområde/friluftsområde**

Der det er mogleg og naturleg bør friområde/friluftsområde innanfor eit planområde ligge i tilknyting til/nærleiken av eldre og nyare kulturminne for å kople desse saman og synleggjere og informere om desse kulturminna.

### **3.5 Særskilte omsyn på gnr. 254 bnr 8, 15 og 82 (naustmiljø i Utbjoavågen)**

Grunneigarane av desse eigedommane må ha tilfredsstillande tilkomst sjøvegen med bryggeløysing for å sikre drift av deira eigedomar på Ilholmane.



I Blikrabygda i Vats ligg gravfeltet Refsnes ned mot Vatsvatnet. Gravfeltet vart registrert i 1972 og består av ti rundhaugar og seks langhaugar.



# Del 4. Oversikt over kulturminna med kart



*Den gamle postvegen mellom Ølen og Etne er eit kulturminne under emnet kommunikasjon og gamle ferdsselsårer som er prioritert i planen*

## 4.1 Prioriterte kulturminne og kulturmiljø

Forslag til prioriterte kulturminne og kulturmiljø Vindafjord:

Kulturminne / område	Objekt nummer	Gnr
<b>Fornminne</b>		
Sandeid, Gravfelt - Lurhaug	25	13/5
Sandeid, Holvegen	26	11/1
Vats, Gravfelt, Refsnes, Blikrabygda	21	131/1, 9, 17
Bjoa, Helleristningar og kultursti på Utbjoa	9	Fleire
Bjoa, Bygdeborga på Steinslandsåta, Innbjøa	8	256/1, 5
Ølensvåg, Lundekjelda "Slettakjelda", Lunde	5	310/1
<b>Bygningar og bygningsmiljø</b>		
Imsland, Bygningsmiljø Imslandssjøen	36	Fleire
Vikedal, Bygningsmiljø Vikedal sentrum	34	Fleire
Vikedal, Vindafjordmuseet	33	65/6
Sandeid, Bygningsmiljø Sandeid sentrum	29	Fleire
Vats, Våningshus i sveitserstil, Åmsosen	19	108/16
Skjold, Lensmannsgarden Isvik	17	166/6
Skjold, Naust Håvik	16	146/1-2
Vikebygd, Gamlatunet	13	331/3
Bjoa, Naustmiljø Utbjoa	10	Fleire
Ølen, Bygningsmiljø Ølen sentrum	1	Fleire
Landbruk og kulturlandskap		
Vikedal, husmannsplass Bjønnstigen	30	53/5
Vikedal, gardstun Fatland i Vikedalsdalen	32	59/4
Sandeid, torvløer på Helgeland.	28	18/3
Sandeid, Stuhaug Gardsmuseum	27	4/2
Vats, gardsanlegg Svantesvoll	22	127/2
Vats, Heimeløe i Stokkadalen	20	143/1
Vats, Våninghus, Gjerdesdalen	24	135/1
Vats, gardsanlegg Stråtveit	23	101/1
Skjold, gardsanlegg på Mortveit	18	153/2
Vikebygd, husmannsplass Långåsdalen	14	130/1-2



Vikebygd, gardstun og kulturlandskap Årvik	12	321/05
Bjoa, Gamlahuset på Øygarden, Haugsgjerdet	7	316/6
Romsa, Haukelandstunet	11	262/1-10
Ølensvåg, Gamlatunet på Lunde	6	309/2, 10, 11
Ølen, Nerheimstunet	2	290/141
Ølen, Eide Gard	3	281/5
<b>Kommunikasjon og gamle ferdelsårer</b>		
Imsland- Ørevikvegen	37	
Vikedal, brukar Vikedal bru	35	
Vikedal, Hundseid bru	31	
Skjold-Vikebygd, amtsdelemerke	15	
Dei tre Dragseidet i Vindafjord		Fleire
Ølen, Gamle postvegen Ølen - Etne	4	Fleire
<b>Vassdrag</b>		
Vats, Smie og kvern på Velde i Øvre Vats	39	121/3
Skjold, Kalvelandskverna	40	155/1
Vikebygd, sag på Bjordal	41	339/1, 340/1,2
Bjoa, Demning i Sandvik	42	253/1
Bjoa, Kvern i Gardkroken	43	255/1
Gravhaugar på Eide i Ølen	63	282/1, 3, 13, 22, 59
<b>Næring og industri</b>		
Vikedal Hogganvik	48	69/1, 69/8
Skjold, Haraldseidvågen	45	164/3
Vikebygd, Trovåg Mølle	46	338/3, 338/16
Vikebygd, Plassabakeriet	47	329/2
Ølen, Krambumuseet	49	282/5
<b>Krigsminne</b>		
Vikedal, Kanal på Mo	50	46/13, 47/349/2, 49/4,6,7, 46/4, 49/1
Skjold, Skyttargraver ved Killingbakkane	51	177/1,2,3,4
Bjoa, Arquebushytta, fluktruta og minnestøtta på Ei-kås	52	257/3, 258/1
Ølen, Kystfort på Dreganes	53	265/10
Ølen, Bunkers på Fikse	54	276/7
<b>Kyrkjer, kyrkjegardar og prestegardar</b>		
Kyrkja i Imsland	55	84/19
Kyrkja i Vats	56	110/18
Kyrkja i Vikebygd	57	331/13
Middelalderkyrkjegardane i Vikedal	58	67/198
Middelalderkyrkjegardane i Skjold	59	331/13
Skjold Prestegard	60	168/1
Kolerakyrkjegarden i Vedvika på Bjoa	61	254/112
<b>Samfunnsinstitusjonar</b>		
Skjold, Ersland skule	62	169/36
Vikebygd, Årvik, skule	44	322/9



## 4.2. Omtale kulturminne og kulturmiljø

### 1. Ølen, bygningsmiljø Ølen Sentrum



I gamle Ølen sentrum er det regulert inn totalt 8 omsynsone for bevaring, som omfattar 19 bygningar. Rundt 1900 var dei eit breitt spekter av bedrifter, handverkarar og handelsmenn i Ølnesjøen. Her var det både hotell, fleire handelsmenn, krøtterhandlarar, bakarar, bøkkarar, murarar, skomakar og urmakar. Det er utarbeidd reguleringsføresegner for omsynssonene. Ølen Historiske sentrum er definert i "Kommunedelplan - Ølen sentrum"

### 2. Ølen, Nerheimstunet



#### Nerheimstunet, Gbr 290/141.

Gardstunet på det eine bruket på Store Nerheim reknar vi med vart reist omlag 1660, og har alltid vore sjølv-eigande. Mykje militært befat har budd på Nerheim. Den siste som dreiv garden var Anna Steensdotter, den yngste av ein søskenflokk på ni. Ho hadde ingen etterkomrarar, og testamenterte garden til Sunnhordland Museum i 1969, og er framleis drive av dei. I dag er bygningane restaurerte, og på garden står ei løe, eit fjøs, eit eldhus, eit stabbur og eit bustadhus med kjøkken i midten, to stover og lem.

SEFRAK 1214-003-019 til 024

### 3. Ølen, Eide Gard



#### Eide Gard, Gbr 281/5

Tre bygningar på garden har blitt restaurerte og våningshuset er også modernisert inne. Både dette, saman med eldhuset, vedhuset og ein jordkjellar, har blitt tilpassa til utleige og ulike arrangement. Løa på Eide gard er gammal og eit grindabygg og har eit trekanthakk i grinda. Desse trekanthakkene skriv seg frå perioden 1540-1620. Eigaren har fått Stiftelsen Norsk Kulturarv sitt kvalitetsmerke Olavsrosa. SEFRAK 11214-003-011-013

#### **4. Ølen, postvegen Ølen – Etne**



Dette er del av den gamle postvegen som gjekk mellom Bergen og Stavanger. I vår kommune gjekk den frå Etne over Fikse til Ølen og derfrå vidare gjennom Eiodalen til Sandeid.

Vegtraseen mellom Etne og Ølen er no gjort tilgjengeleg med skilt og informasjonstavler for allmenn ferdslle. Ein god del av denne vegen er i bruk som bilveg i dag, og deler som traktorveg for grunneigarane i området.

#### **5. Ølensvåg, Lundekjelda**



##### **Lundekjelda, Gbr 310/1**

I 1950 vart det funne tre bronseøksar ved "Slettakjeldo" som den blir kalla. Kjelda skulle då utvidast og overstøypast for inntak til vassleidning. Øksane vart då funne i den grusen som vart kast opp i samband med dette arbeidet. Lundekjelda blir nytta som vassforsyning den dag i dag.



#### **6. Ølensvåg, Gamlatunet på Lunde**

##### **Gamlatunet på Lunde Gbr 309/ 2-10-11**

Historien til Gamlatunet på Lunde går tilbake til 1700-talet, og det var mange hus i tunet som var felles tun for hovudbruka Lunde Øvre og Lunde Nedre.

Det som er igjen av Gamlatunet i dag er eit våningshus, eit eldhus, eit stabbur og eit kvernhus. Tunet ligg på nedsida av fylkesveg 545, medan kvernhuset ligg på oppsida. Alle bygningane har gjennom dei siste 20 åra blitt utvendig restaurerte og blir tatt vare på vidare.

Eigar har planar for å oppgradere taket på våningshuset. Også eit naust på eigedommen er SEFRAK-registrert, men dette er rive.

SEFRAK 1214-005-31 til 35





## 7. Bjoa, Gamlahuset på Øygarden

### Gamlahuset på Øygarden Gbr 316/6.

Våningshuset på Øygarden på Haugsgjerdet er frå 1808 og ligg bak eit nyare våningshus på garden frå 1932. Huset er restaurert og også innvending er det gjort ein del, og i dette arbeidet har eigaren prøvd å ta vare på det gamle.

SEFRAK 1214-007-002



## 8. Bjoa, bygdeborg på Steinslandssåta

### Steinslandsåta Gbr 256/1 og 5

Steinlandsåta er ein bergkolle som løftar seg vel 50 meter over landet omkring, og den er til dels vanskeleg tilgjengeleg. Ei bygdeborg låg der i forhistorisk tid, og det er funne trekol i området som kan daterast til 330 +/- 110 år etter Kr., og dermed i byrjinga av romartida eller byrjinga av folkevandringstida. På toppen er det funne rester av steingardar for å stengje, der toppen var lettast tilgjengeleg, rester etter fleire hustufter og ei gravrøys.



## 9. Bjoa, kultursti og fornminne på Utbjoa

På Utbjoa finst eit uvanleg variert og interessant fornminnemiljø. Innanfor eit lite område nordvest for ferjekaien på Utbjoa finst fire helleristningsfelt, to felt med skålgrøper, fire båtopptrekk og fem gravrøyser. Det er etablert ein kultursti med informasjonstavler i dette området. Området blir foreslått som omsynssone bevaring i kulturminneplanen.



## 10. Bjoa, naustmiljø på Utbjoa

### Naustmiljø på Utbjoa

I området nordvest for ferjekaien på Utbjoa er dei eit rikt fornminnemiljø, med helleristningar gravrøyser og gamle båtstøer. I dette området ligg det også ei gammal sjøbu og fleire naust som er SEFRAK-registrert. Området blir foreslått som omsynssone bevaring i kulturminneplanen. /i kart to omsynssoner

SEFRAK 1214-009-006-009,022,025-02



## 11. Romsa, Haukelandstunet

### Gardsanlegg og kulturlandskap Gbr 262/1-10.

Romsaøyane er i dag eit populært friluftsområde, og ynda utfartsstad for båtfolket i Sunnhordland. På Haukelandstunet står våningshus, låve og eldhus. Gamle ferdelsvegar er i dag turvegar og stiar.



## 12. Vikebygd, Årvik gardsanlegg og kultur landskap

### Gardsanlegg og kulturlandskap Gbr 321/05

Gardsanlegg med våningshus, stabbur, løe, smie, naust og steingardar.

SEFRÅK 1214-010-01-08, 017



## 13. Vikebygd, Gamlatunet i Vikebygd

### Gamlatunet i Vikebygd Gbr 331/3

Gamlatunet ligg litt ovanfor kyrkja og båthamna i Vikebygd og frå våningshuset er det fin utsikt over bygda. Huset er frå 1840 og var ferdig renoveret i 2003. No er det starta eit arbeid for å restaurere eldhuset på tunet, som er frå 1700-talet. Eigaren vart tildelt Vindafjord kommune sin byggeskikkpris for dette arbeidet i 2006.



## 14. Vikebygd, husmannsplass Longåsdalen

### Husmannsplass Långåsdalen Gbr 340-1-2

For bøndene på Bjordal hadde skogen og beitemarkene i Longåsdalen stor verdi, men det var ikkje lett å verna seg mot inntrenging frå grannegardane. Dette skal vere grunnen til at det kom husmenn i dalen, ein for kvart av bruken i Bjordal.

I 1925 vart den siste av plassane fråflytta, men Longåsdalen er no for alvor oppdaga som turområde.

I 1986 blei våningshus på husmannsplassen sett i stand og på muren nedanfor der det stod ein fjos er det starta eit arbeid for å byggje denne opp igjen, og eigaren har fått SMIL-midlar til dette arbeidet. Eigaren ønskjer også å ha nokre sauherder i området for å halde nede kulturlandskapet.



## 15. Skjold-Vikebygd, amtsdelemerket i Haraldseidsvågen

### Amtsdelemerke, Gbr 338/1

Som eit symbol på den store vegutbygginga på 1800-talet står grensesteinen i vegkanten ved den gamle fylkesgrensa mellom Rogaland og Hordaland.

"Amtsdele 1876" er hogd inn i steinen i tillegg til dei to vanlegaste vegarbeidarverktøya på den tida "Muarhammer" og "Grovpukhammer".

Dette er eit av tre objekt i Statens Vegvesen sin verneplan for vegar, bruer og vegrelaterte kulturminne i Vindafjord.



## 16. Skjold, naust Håvik

### Naust i Håvik Gbr 146/1-2

Registrert av Regionplanrådet for Nord-Rogaland i 1977. Vurdert til å ha høg verneverdi.

Nausta er restaurert i perioden 1995 – 2005 av eigaren med støtte frå Vindafjord kommune og Rogaland Fylkeskommune.

Vindafjord kommune har ein reguleringsplan under arbeid for dette området, og det er i denne forslått ein omsynssone bevaring for det området nausta ligg i.  
SEFRAK 1154-101-09 OG 10.



## 17. Skjold, våningshus i Isvik

### Våningshus Solvang Gbr 166/6

Huset er bygd i 1905, og har blitt nytta som bustad og kontor for to lensmenn.

Våningshuset har dei seinaste åra blitt restaurert både utvendig og innvendig og blir mellom anna nytta til utleigeverksem. Eigaren fekk Vindafjord kommune sin byggeskikkpris for dette arbeidet i 2011.  
SEFRAK 1154-103-040

## 18. Skjold, gardsanlegg på Mortveit



### Gardsanlegg på Mortveit Gbr. 153/2

Tunet består av våningshus og løe i tillegg til eit sauhest og eit vedhus med utedo. Våningshuset er frå ca 1870 og står slik som det var då det gjekk ut av bruk på 1970-talet. Det har etter det blitt halde ved like utvendig. Løa er ikkje tidfesta, men anno 1766 er skore inn i treverket. Den har blitt restaurert, mellom anna gjennom offentleg støtte frå Vindafjord kommune og Rogaland Fylkeskommune. Fjosen i løa står slik den stod då den blei tatt ut av bruk på 1970-talet. Det vart lagt nytt tak på siloen i 2011. SEFRAK 1154-101-47 og 48

## 19. Vats, våningshus i sveitsers til Åmsosen



### Våningshus Gbr 108/16

Eit våningshus, Korneliushuset, bygd rundt 1916 i sveitserstil med jugentelement. Huset er fullstendig renovert, også innvendig der den gamle stilene er behalden, inkludert møbler. Eigaren vart tildelt Vindafjord kommune sin byggeskikkpris for bygget i år 2000.

SEFRAK 1154-203-025


## 20. Vats, heimeløe i Stokkadalen



### Løe Stokkadalen Gbr 143/1

Løa i Stokkadalen i Vats vart 2003 tidfesta. Tømmeret som løa er bygd av vart felt vinteren 1597-1598, og vintrane 3, 4 og 16 år før dette. Løa er truleg sett opp sommaren 1598 eller noko seinare. Løa vart freda av riksantikvaren i 2003, som den einaste bygningen i Vindafjord utanom dei listeførte kyrkjene. Det har etter det vore gjennomført ei restaurering av løa i regi av Rogaland Fylkeskommune, eit arbeid som ikkje er fullført.

SEFRAK 1154-202-020





## 21. **Vats, gravfelt Refsnes**

### **Gravfelt Refsnes Gbr 131/1, 9, 17**

Gravfeltet ligg i Blikrabygda ned mot Vatsvatnet. Gravfeltet vart registrert i 1972 og består av ti rundhaugar og seks langhaugar. Rundhaugen ned mot vatnet er klart markert og godt synleg. Nesten alle gravhaugane har det blitt gravd i. Området blir foreslått som omsynssone bevaring i kulturminneplanen.



## 22. **Vats, gardsanlegg Svantesvoll**

### **Gardsanlegg Svantesvoll Gbr. 127/2**

Våningshuset på Svantesvoll er bygd i 1852, og etter at nye eigarar overtok bruket på 1990 talet har dette blitt restaurert både utvendig og innvendig. I tillegg til våningshuset er det ein stall, løe, sauehus, eit grisehus og eit kvernhus på gardsanlegget. Eigarane fekk Vindafjord kommune sin byggeskikkpris i 2002. Området blir foreslått som omsynssone bevaring i kulturminneplanen.

SEFRAK 1154-206-008-013



## 23. **Vats, Gardsanlegg Stråtveit**

### **Gardsanlegg Stråtveit Gbr. 101/1**

Våningshuset på Stråtveit er bygd i 1871, men det har stått hus her sidam slutten av 1500-talet. Både våningshuset og fleire av dei andre bygningane er restaurerte og i god stand.

Heile 13 bygningar på Stråtveit er registrert i SEFRAK. I tillegg til våningshuset er dette to løer, eit eldhus, eit stabbur, ei smie, eit vedhus, ei treskeløe, eit kvernhus, ei sag, eit naust, eit sjøhus og ein jordkjellar.

SEFRAK 1154-201-17 til 29.



## 24. **Vats, våningshus Gjerdesdalen**

### **Våningshus Gjerdesdalen Gbr 135/1**

Huset er bygt i 1867, og det står stort sett slik som når det vart registrert i 1992. Det er restaurert og blir godt vedlikehalde. Huset blir nytta til bustad. Eigaren av huset er tildelt Vindafjord kommune sin byggeskikkpris i 1996. SEFRAK 1154-204-001

## 25. Sandeid, gravfelt på Lurhaug



### Gravfelt Østbø Gbr 13/5

Gravfeltet vart registrert i 1972, og ligg på Østbø i Sandeid bak Ølen Betong sitt anlegg. Det ligg i dag som det gjorde under registreringa. Lurhaug ligg på ein høgde og sjølve gravfeltet er 80 meter langt og 50 meter breitt.

Feltet består av 12 rundhaugar, 9 langhaugar og ei grop. Rundhaugane er spreidd over heile feltet, også langhaugane er spreidd over heile feltet, men med ein konsentrasjon i nordre kant. Av rundhaugane er kanskje ein urørt, medan resten av haugane er rørte og har hol i midten.

## 26. Sandeid, Holvegen på Skeie



Holvegen Gbr 11/ 1 på Skeie er beskrive i Endre Elvestad sin rapport frå 2009 i samband med Dragseidprosjektet, og han omtalar Holvegen slik:

Holvegen er svært tydeleg og er ca 1.60 m i botn og 4.20 m øvst. I aust deler den seg i fire mindre holvegar. Holvegen låg i eit gravfelt med minst 37 gravhaugar, og rundt 100 m mot aust oppå ein liten høgde låg det minst 20 graver, og på eit høgdedrag mot sør minst 14 gravhaugar. Postvegen og den gamle vegen mellom Sandeid og Ølen gjekk gjennom gravfeltet i aust.




## 27. Sandeid, Stuhaug Gardsmuseum

### Stuhaug Gardsmuseum Gbr 4/2

Ligg mellom Sandeid og Ølen. Den er bygd opp rundt den gamle husmannsplassen Krokane der husmannsstove og løe er frå den opprinnelige husmannsplassen. Seinare er ulike andre bygg flytta til og sette opp på området, og totalt omfattar samlinga no 11 ulike bygningar. Stovehus, smie, langhus, kvernhus, stabbur, eldhus, skut, fjøs og jordkjellar bygningar som er flytta til og sett opp på området. Eigaren fekk Vindafjord kommune sin byggeskikkpris i 2004, og er tildelt Olavsrosa av Norsk Kulturarv.

SEFRAK 1154-301-011 og 1154-403-028





## 28. Sandeid, torvløer Helgeland

### Torvløer Gbr 18/3 på Helgeland

Torvløene ligg på venstre side av vegen innover mot Fjellstøl Ski og Friluftsanlegg. Torvløene vart truleg bygde tidleg på 1800 talet, og vart nytta til å tørke og lagre torv som vart skoren i området for seinare å bli nytta til brensel. Løene vart på restaurerte av Sandeid Bondelag på 1990-talet.

SEFRAK 1154-303-22-23.

## 29. Sandeid, bygningsmiljø Sandeid sentrum

Del av Sandeid sentrum rundt Sjoargata er regulert til omsynssone bevaring. Her var det tidlegare to gjestgiveri, flere butikkar, post, telefon og bank. 25 bygningar er omfatta av reguleringa, og det er utarbeidd reguleringsføresegner for området.

## 30. Vikedal, Husmannsplassen Bjørnstigen

### Husmannsplass gbr 53/5

Husmannsplassen Bjørnstigen var ein plass under garden Roaldkvam, som ligg i enden av Fjellgardsvatnet. Bjørnstigen ligg tett innunder høge berg, og det budde folk der heilt fra 1600 talet og fram til 1906. Huset i Bjørnstigen var flytta ned til Ørnes i Vikedal i 1908. I 1989 vart det rive, lagra og restauret, og deretter frakta tilbake til Bjørnstigen og reist opp at på de gamle murane. Seinare er og eldhuset restaurert. Fjøs og løe manglar, men murane er der og syner at denne delen var bygd saman med stovehuset. Steinhellene som kyrne stod på ligg på same staden den dag i dag.

## 31. Vikedal, Hundseid bru

### Bru Gbr 51/1

Brua vart bygd i 1882 og stod fram til 1936 i Vikedal sentrum der dagens bru står. Då var den blitt for smal, og flytta til Hundseid. Dette var den første norskproduserte metallfagsbru og den vart bygd hos Kværner Brug i Drammen. På Hundseid vart den forlenga i begge endar på grunn av elveløpet, og to ekstra brukar og to trebruer vart bygde. Brua var restaurert i 1995. Dette er eit av tre objekt i Statens Vegvesen sin verneplan for vegar, bruer og vegrelaterte kulturminne i Vindafjord.

## **32. Vikedal, gardstun Fatland i Vikedals-dalen**



### **Gardstun, Gbr 59/4**

Består av fem bygningar. To våningshus, løe og to uthus. Innvending er løa bygd om og tilpassa til uteleige og det er innreia til toalett i eit av uthusa. Anlegget er tildekt Vindafjord kommune sin byggeskikkpris i 2008. SEFRAK 1154-403-18-20.

## **33. Vikedal, Vindafjordmuseet**

### **Vindafjordmuseet Gbr 65/6**

Museet sitt anlegg i Vikedal har eit stabbur, eit kvernhus, eit lite stovehus, tidlegare røykstove, ei steinhoggarhytte, ein telefonentral og eit stavangerhus som ikkje er sett i stand, ein telefonkiosk på området sitt, i tillegg til sjølve museumsbygget.



## **34. Vikedal, bygningsmiljø Vikedal sentrum**



Del av Vikedal sentrum er regulert til omsynssone bevaring. Totalt 21 bygningar ligg innafor området. Vikedal var ein tettstad i Ryfylke på 1800 talet, og sentrum i Vikedal kommune der både Ilovåg, Hapnes og Vormestrand var med. I sentrum var der fleire bakeri, krambuer, post og bank. og bygda hadde sorenskrivar, prest og lensmann. Det er utarbeidd reguleringsføresegner for omsynssoa som er vedteken i Vindafjord kommunestyre 17.06.2003.



## **35. Vikedal, brukar under Vikedal bru**

### **Brukar Gbr 66/126**

Brukara under Vikedal bru vart bygde i 1882, og stod då under den opprinnelige Vikedal bru som vart flytta til Hundseid i 1936, men vart brukta vidare som fundament til den nye bru. På tross av tyngre transport dei siste åra står brukara framleis stødig. På det eine brukaret er 1882 meisla inn i steinen saman med Kong Oscar II sitt monogram.

Dette er eit av tre objekt i Statens Vegvesen sin verneplan for vegar, bruer og vegrelaterte kulturminne i Vindafjord.



Vital og sentral



### 36. Imsland, bygningsmiljø Imslandssjøen

Imslandsjøen var ein aktiv handelsstad på 1800-talet, og særleg i varvartida i siste halvdel av århundret. Frå 1860 til 1880 var 14 prosent av all tonnasje i Noreg bygd her og i bygdene omkring Imslandssjøen. Ein verv låg på ”Kvitlå” ved munningen av Imslandselva, ein annan på kyrkjebakken ved porten til Imsland kyrkje. Kundane var stort sett reiarlag i Stavanger som dreiv stort i utanriksfart. Staden var det naturlege sentrum i gamle Imsland kommune med kommunehus, kyrkje, sparebank, post, telefonentral, bedehus, to krambuer og kyrkje. Imslandssjøen er regulert til omsynssone bevaring. Totalt 32 ulike bygningar ligg innafor omsynssona. Det er utarbeidd reguleringsføresegner for omsynssona som er vedteken i Vindafjord kommunestyre 13.12.07.



### 37. Imsland, Ørevikvegen

Ørevikvegen mellom Imslandssjøen og Kvaløy er ein 1.5 kilometer lang restaurert vegstubb som var hovudveg og syner gammal riksvegstandart innover mot Ropeid og Sauda fram til 1960-talet. Statens Vegvesen rusta opp vegen på 1990 talet, og den går delvis langs bratte fjellsrentar og har fleire fine rasteplassar. Vegen er Statens Vegvesen sin eide dom men den er definert som kommunal veg og Vindafjord kommune har vedlikehaldet av den.



### 38. Dragseida i Vindafjord

Vindafjord kommune gjennomførte mellom 2000-2010 eit større prosjekt om dei tre Dragseida mellom Isvik-Haraldseidvågen, Åmsosen-Ølensvåg og Sandeid-Ølen og marinarkeolog Endre Elvestad har gjennomført undersøkingar og skrive to rapportar om desse gamle ferdselsårene. Fotoet frå Haraldseidet mot Ålfjorden



## 39. Vats-Smie /kvern

### Smile / kvern Øvre Vats Gnr 123/3

Bygget fekk si noverande form i 1901 og vart restaurert på 1990-talet. Bygget hadde både smie og korntørke, sag og dreiemaskin som var drivne av vasskrafta og det vart laga seleklavar til hest i bygget. På 1940 og 50 telet var der eit kraftverk. Bygget ER SEFRAK-registrert og vurdert i klasse A.

SEFRAK 1154-207-010



## 40. Skjold – Kalvelandskverna

### Kalvelandskverna Gnr 155/1

Kalvelandskverna er bygd på 1800 talet i stein, og vart restaurert av Skjold og Vats Sogelag på 1989. I tillegg til kverna er det også korntørke i bygget. Det er no Ersland Bygdelag som er ansvarleg for drift og vedlikehald av kverna. Kalvelandskverna er SEFRAK-registrert og vurdert i klasse A.

SEFRAK 1154-102-028 .

## 41. Vikebygd – Sag i Bjordal

### Sag Bjordal Gnr 339/1, 340/1-2

Fyrste gong ein høyrer om saga er 1774 då det vart skriven ein avtale mellom to bønder om fordeling av tømmer dei kunne sage. Det var først ei oppgangssag, men i 1864 bygde bøndene saga om til sirkelsag og det var drift på saga fram til 1964 då det siste tømmeret vart sagd. Nokre år seinare vart saga restaurert av Vikebygd Sogelag i samarbeid med kommunen.



## 42. Bjoa – Demning i Sandvik

### Demning Sandvik Gnr 253/1 og 251/1

Øvst oppe i Sandvikbekken er det bygd to demningar for å samle opp vatn slik at vasskrafta kunne nyttast til kverner og sager nedover i vassdraget. Det er to demningar her, ein større enn den andre. Demningane ligg 200 meter over havet og samlar opp vatn i ein 50 dekar stort myrområde som ligg bak dei. demningane er truleg bygde på slutten av 1700 talet, byrjinga av 1800. Det er ei myr på rundt 60 dekar som blir demt opp når lukene er igjen. Frå denne demningen som vart kalla Storestemmen og når lukene vart opna vart vatnet ført ned i Littlestemmen som låg nede ved fylkesvegen.





### 43. Bjøa – Kvern

#### Bjøa Bygdemølle Gnr 255/1

Bygdemølle i Gardkroken på Bjøa er sett i stand av Ølen og Bjøa sogelag som framleis har ansvar for drift og vedlikehald. SEFRAK-registrert og vurdert i klasse A. SEFRAK 1214-008-088



### NÆRING OG INDUSTRI

### 45. Skjold – Haraldseidvågen

#### Haraldseidvågen Gnr 162/7,13

Haraldseidvågen var endestasjonen for fjordabåtruta fra Bergen og her var både god kai og butikk. På kaien var det tidlegare også ein brislingfabrikk under namnet Knudsen Perserving. I tillegg er det to våningshus, to naust, eit fjøs/løe og eit eldhus/vedhus i dette bygningsmiljøet og som alle er SEFRAK-registrert. Desse er alle bygde på slutten av 1800-talet, fjøset i 1860. SEFRAK 1154-103-016 – 0021



### 46. Vikebygd-Trovåg Mølle

#### Trovåg Mølle Gnr 338/3, 338/16

Den første kverna vart bygd i Trovåg i 1880 og vart kalla Trovåg Mølle. Vasshjulet dreiv fem kverner og sveiv dag og natt. Denne mølla brann ned i 1943, men i 1945-46 vart ny den nye mølla bygd på same staden der den gamle stod. Mølla hadde no tørkeomnar, tørkesiloanlegg, to kverner og maskin for grying og skaling. I jubileumsåret 1980 var det berre påmeldt nokre få kilo korn til maling, og det var for lite til å setje mølla i gong for drifta vart avslutta.



### 47. Vikebygd – Plassabakeriet

#### Plassabakeriet Gnr 329/2

Plassabakeriet blei bygd i 1842 av Georg Gautesen. Vikevik hadde landhandel og bøkkerverkstad i tillegg til bakeriet. Etter oppstarten var bakeriet i drift i nøyaktig 100 år, til 1942, då det under krigen vart vanskeleg å få tak i mjøl. Bakeriet blei gjenopna i 1993 på den Euro-peiske Kulturminnedenagen.

## 48. Vikedal—Hogganvik



### Hogganvik Gnr 69/1, 69/8

Historisk kulturelt område der det mellom 1850 -1885 var to store skipsverrar, der mellom anna den største seglskuta bygd i Noreg gjekk av beddinga i 1878. Ved stranda er det restaurerte steinbryggjer frå denne tida og Kapteinsnaustet som er 250 år gamalt.

Hovudbygninga frå 1760 åra brann ned julekvelden 1940, men vart bygd opp at i same stil og skapnad heilt ned til dei minste detaljar.

Frå gardsanlegget og ned til sjøen er det ein 250 år gammal bøkealle og mot hovudvegen ei bøkeskogli. Det er lagt omsynssone bevaring på deler av området, denne blir foreslått utvida i kulturminneplanen.

I gjeldande reguleringsplan for Hogganvik er deler av området sett av til «spesialområde historisk/kulturelt».

I kulturminneplanen blir det foreslått å legge «omsynssone kulturminne og kulturmiljø» på same område, men i tillegg også på bøkealleen og steinbryggene og Kapteinsnaustet

## 49. Ølen—Krambumuseet



### Krambumuseet i Ølen Gnr 282/005

Krambumuseet i Ølen sentrum er opprinnelig eit bustadhus med ukjent byggjeår, men er sagt å vere det eldste huset i Ølen sentrum. Opprinnelig kalla «Smedahuset», seinare «Tønnesenhuset». Det har tidlegare vore smie og skreddarverkstad i kjellaren. Huset er i dag eigd av Ølen og Bjoa Sogelag og det er innreia til Krambumuseum. SEFRAK-registrert og vurdert i Klasse A.

SEFRAK 1214-002-042 .



## KRIGSMINNE



## 50. Vikedal – Eikelandskanalen på Mo

### Eikelandskanalen Gnr 47/3, 49/4,6,7, 46/4

Eikelandskanalen vart bygd under siste verdskriga av Arbeidstenesteleiren på Mo. Arbeidet vart å byggje 1300 meter kanal og starta i 1942 og omrent halvparten var ferdig då krigen slutta. Målet med kanalen var å tørke ut Vikedalsdalen som den gong var ganske myrlendt . Kanalen har dei siste åra blitt restaurert.



Vital og sentral



## 51. Skjold—Skyttargraver ved Killingbakkane

### Skyttargraver ved Killingbakkane Gnr 177/1-2-3-4

Skyttargravene ligg ved Killingbakkane, ved resteplassen nærmest Knaphus. Frå haugen skyttargravene ligg på er det godt syn vestover mot Skjold og innover mot Vats .

## 52 Bjoa – Arquebushytta på Eikås

### Arguebushytta Gnr 257/3, 258/1

Arquebushytta vart nytta under siste verdskrigen til radiokontakt med dei allierte styrkane i England. Hytta er restaurert og det er merka sti fram til hytta.

## 53 Ølen – Dreganes kystfort

### Kystfort Dreganes Gnr 265/10

Kystfortet på Dreganes vart bygd opp av tyskarane under siste verdskrigen. Her finst det både kanon og MG-stillingar, løpegraver og ammunisjonslagre.

## 54. Ølen – Bunkers på Fikse

### Bunkersanlegg på Fikse Gnr 276/7

Bunkersanlegget på Fikse består av to inngangar i fjellet, og det er kontakt inne i fjellet mellom inngangane. Ein større og ein mindre hall inne i fjellet. I samband med at den gamle postvegen mellom Ølen og Etne er sett i stand, er også bunkersen sett i stand og det er sett opp infotavle.

## KYRKJER, KYRKJEGARDAR OG PRESTEGARDAR

## 55. Imsland – Imsland kyrkje

### Imsland kyrkje Gnr 84/19

Imsland kyrkje vart bygd i 1855 ved sida av den gamle kyrkja frå 1650 som vart riven og seld året etter. Før denne sto det ei stavkyrkje på staden.

Imsland kyrkje er listeført.



## 56. Vats-Vats kyrkje

### Vats kyrkje Gnr 110/18


Vats kyrkje vart vigsla i 1855 og står like sør for der det stod ei kyrkje i middelalderen og som vart erstatta med ei ny kyrkje bygd ca 1640.  
Vats kyrkje er listeført.



## 57. Vikebygd – Vikebygd kyrkje

### Vikebygd kyrkje Gnr 331/13

Vikebygd kyrkje er den femte i rekka av kyrkjer i Vikebygd. Den første vart bygd omkring 1350. Alle har stått på om lag same staden og dei tidlegare har enten blitt rive eller brent ned. Noverande kyrkje er bygd i 1937 og er listeført.



## 58. Vikedal—Middelalderkyrkjegard

### Middelalderkyrkjegard Vikedal Gnr 67/198

Middelalderkyrkjegarden i Vikedal ligg på Sønnanå og er framleis nytta som gravplass. Ei kyrkje som stod her tidlegare blei riven i 1883, etter at den noverande kyrkja vart bygd i 1881.



## 59. Skjold—Middelalderkyrkjegard

### Middelalderkyrkjegard Skjold Gnr 331/13

Middelalderkyrkjegarden ligg aust for Skjold skule og her stod det tidlegare også ei kyrkje som vart riven i 1906 etter at den nye kyrkja var vigsla i 1904. .



## 60 Skjold – Skjold Prestegard

### Skjold Prestegard Gnr 168/1

Skjold prestegard er bygd i 1904, det vart skifta kleddning på bygningen i 1991. Den er no ute av bruk som prestebustad for soknepresten i Skjold.  
SEFRAK 1154-104-040





## 61. Bjoa—Kolerakyrkjegard

### Kolerakyrkjegard på Bjoa Gnr 254/112

Kolerakyrkjegarden i Vedvika ligg like vest for badeplasen her som friluftsrådet driv. To personar døydde av kolera på Bjoa og vart gravlagde her i 1849. Seinare vart kolerakyrkjegarden brukt som ordinær gravplass for folket på Bjoa fram til 1912.

## SAMFUNNSINSTITUSJONAR



## 62 Skjold—Ersland skule

### Ersland skule Gnr 169/36

Gamle Ersland skule vart flytta frå Ersland til Skjold skule på 1980 talet og er no skolemuseum for Vindafjord kommune og knytt opp til Vindafjordmuseet




## 63 Vikebygd—Årvik skule

### Årvik skule Gnr 322/9

Årvik skule vart i 2015 overført frå Vindafjord kommune til stiftinga Årvik skule. Stiftinga har og gjort avtale med grunneigar som samtykker i dette. Stiftinga skal nytte skulen til eit lokalt skolemuseum.

## FORNMINNE



## 64 Ølen – Gravhaugar Eide

### Gravhaugar Eide Gnr 282/3, 282/59, 282/13, 282/22, 282/1

Eit større gravfelt med både gravrøysar og gravhaugar.

## **4.3. Oversikt over SEFRAK-A objekt**

SEFRAK var ei landsomfattende registrering av faste kulturminne som starta på 1970-talet. I Rogaland var det stort sett bygningar som blei registrerte. I Vindafjord vart 1252 bygningar registrerte tidleg på 1990 talet. I 2015 vart registreringa evaluert og bygningane plassert i gruppene A, B og C, med A-objekta som dei mest verdifulle. 67 objekt vart vurdert I SEFRAK A og 414 I SEFRAK B. 27 av objekta I SEFRAK A er prioritert I kulturminneplanen.

### **Bustadhus, Dalavik, Skjold.**

1. Bolighus, gnr. 149/1, obj. 1154/101/015. Er oppgitt å være bygget ca. 1795. Midtgangshus med tilnærmet symmetrisk fasade. Bygget i laft. Lav underbygning i tørrmur. Tegl som taktekke. Et par vinduer av nyere type. Tilnærmet autentisk.

### **Bustadhus, Dalavik, Skjold.**

2. Bolighus, gnr. 148/1, obj. 1154/101/024. Opgitt å være bygget på 1700-tallet. Midtgangshus med asymmetrisk fasade. Bygget i laft. Bindingsverk i tilbygg i sørvest. Lav underbygning i tørrmur. Tegl som taktekke. Bortsett fra nevnte tilbygg, samt bislag i forlengelse av dette, har bygningen stor grad av autentisitet.

### **Skule, Dalavik, Skjold.**

3. Grendahus, gnr. 151/3, obj. 1154/101/026. Bygget ca. 1900. Tidligere skolehus. Bygget i laft. Underbygning i fuget naturstein. Teglstein som tekke på halve taket, eterritt på halve. Enkel sveitserstil med synlige bjelkehoder. Tilnærmet autentisk.

### **Løe, Dalavik, Skjold, delvis restaurert.**

4. Driftsbygning, gnr. 151/3, obj. 1154/101/029. Ukjent byggeår. Årstallene «1756» og «1777» er innrisset i bjelker. Bygget i grind på lav underbygning i tørrmur. Villskifer som taktekke i sør, samt på svål i nord, resten er tekket med tegl. Etter en skade i 1940-årene er en mindre del av bygningen revet og bygget opp igjen. Stor grad av autentisitet. Bygningen var, ved registrering 1990 i forfall.

### **Fritidshus, Grasdalen, Dalavik, Skjold, innanfor omsynssone i gjeldande reguleringsplan**

5. Fritidsbolig, gnr. 146/8, obj. 1154/101/031. Det er oppgitt at ene stova skal være fra ca. 1740. Midtgangshus med asymmetrisk fasade. Skut mot nord. Langsgående svål i hele husets lengde tyder på en alderdommelig byggemåte. Stovene i laft med midtparti, svål og skut i bindingsverk. Lav underbygning i tørrmur. Tegl som taktekke på boligdel, villskifer på skut. Stor grad av autentisitet. Ved registrering 1990 var bygningen i forfall.

### **Løe, Mortveit, Skjold, restaurert og prioritert i kulturminneplanen.**

6. Driftsbygning, gnr. 153/2, obj. 1154/101/048. Antatt bygget 1766 p.g.a. innskrift med tallet på en stavlegje. Bygget i grind med laftet fjøs. Underbygning i tørrmur. Tegl som taktekke. En del påbygget. Verneverdi er satt vesentlig p.g.a. alder.

### **Kalvelandskverna, Kalveland, Skjold, restaurert og prioritert i kulturminneplanen.**

7. Kvernhus, gnr. 155/1, obj. 1154/102/028. Bygget på 1800-tallet. Bygget i tørrmur. Villskifer som taktekke. Autentisk med intakt korntørke og kvern.



### **Bustadhus, Haugen, Skjold.**

8.Bolighus, gnr. 162/8, obj. 1154/103/005. Bygget 1760. Midtgangshus med asymmetrisk fasade. Bygningen har sidtak og svål mot nordøst. Det viser til en alderdommelig byggemåte. Bygget i laft, trolig med bindingsverk i svål. Lav underbygning i tørrmur. Aluminiumsplater som taktekke. Vinduer av nyere type. vindu under raft ved gatedør. Autentisk grunnform. Verneverdi vesentlig p.g.a. alder. Ved registrering 1992 var bygningen i begynnende forfall.

### **Haugen skule, Haraldseidvågen, Skjold, resturert og nytta til grendahus.**

9. Grendehus. Gnr. 165/6, obj. 1154/103/007. Bygget 1917. Opprinnelig skolehus. Bygget i laft. Lav underbygning i tørrmur. Tegl som taktekke. Autentisk. Særlig høy identitetsverdi.

### **Løe, Stokkadalen, Nedre Vats, freda og under restaurering, prioritert i kulturminneplanen.**

10. Driftsbygning, gnr. 143/1,2, obj. 1154/202/020. Deler av bygningen er fra 1598, jfr. dendrokronologisk datering i 2002. Bygningen er fredet.

### **Kvernhus, Gjerdesdalen, Nedre Vats , restaurert.**

11. Kvernhus, gnr. 136/1,2,3, obj. 1154/204/006. Bygget ca. 1900. Bygget i laft på pilarer i tørrmur. Metallplater som taktekke. Ved registrering 1992 var bygningen under restaurering både i eksteriør og interiør. Det er meget få gjenstående bygninger av denne typen, ikke bare i Vindafjord kommune, men også i Rogaland.

### **Tinghus, Gjerdesdalen, Nedre Vats, restaurert.**

12. Garasje/lager, gnr. 136/1,2,3, obj. 1154/204/009. Bygningen er oppgitt å være bygget på 1700-tallet. Har vært tingstove, bolighus og sauehus. Bygget i tørrmur. Papp som taktekke. Tilnærmet autentisk grunnform.

### **Bustadhus, Svantesvoll, Øvre Vats, restaurert og innafor omsynssone.**

13. . Bolighus, gnr. 127/2, obj. 1154/206/008. Bygget 1852. Midtgangshus med symmetrisk fasade. Lav underbygning i tørrmur, fuget mot sør. Midtark. Enkelfløyet dør med ett vindu på hver side på fasade. Tegl som taktekke. Tilnærmet autentisk. Bygningen er en del av et meget intakt og verneverdig miljø.

### **Løe, Svantesvoll, Øvre Vats, restaurert og innafor omsynssone.**

14. Driftsbygning, gnr. 127/2, obj. 1154/206/010. Bygget 1870. Bygget i grind med laftet fjøs. Lav underbygning i tørrmur. Eternitt som taktekke. Stor grad av autentisitet. Bygningen er en del av et meget intakt og verneverdig miljø.

### **Saugefjøs, Svantesvoll, Øvre Vats, restaurert og innafor omsynssone.**

15. Saugefjøs, gnr. 127/2, obj. 1154/206/011. Bygget ca. 1800. Bygget i laft på lav underbygning i tørrmur. Trenagler til fest av panel. Tegl som taktekke. Ved registrering 1991 var bygningen i forfall. Bygningen er en del av et meget intakt og verneverdig miljø.

### **Grisehus, Svantesvoll, Øvre Vats, restaurert og innafor omsynssone.**

16. Grisehus, gnr. 127/2, obj. 1154/206/012. Bygget ca. 1800. Bygget i grind. Lav underbygning i tørrmur. Tegl som taktekke. Stor grad av autentisitet. Ved registrering 1991 var bygningen i forfall. Bygningen er en del av et intakt og meget verneverdig miljø.



**Kvernhus, Svantesvoll, Øvre Vats, murane igjen, innafor omsynssone.**

